

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Krav om arkeologisk registrering - Områdeplan for bustadområde - B36 på Kaland og Fønnes - Ekornsåta - planID 2021002 - Austrheim kommune

Vi visar til fylkeskommunens innspel datert 20.04.2021 i samband med planoppstart. Vestland fylkeskommune varsla synfaring i planområdet for å vurdere om det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

Synfaringa vart utført 17.06.2021. Planområdet vart vurdert til å ha potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova. Jf. kulturminnelova § 9, jf. § 10, må kostnadane ved registreringane betalast av tiltakshavar.

Vi ber tiltakshavar om konkret å avgrense planområdet og sende oss sosifila til plangrensa. Vi har tatt utgangspunkt i kommunen si skildring av planområdet ved utarbeiding av kostnadsoverslag.

Nærare opplysningar om kulturminneregistreringa går fram av vedlagt prosjektplan, sjå også budsjett og akseptskjema.

Budsjett for registreringa er lagt ved, jf. kml. § 10. Vi tek atterhald om justering av tid knytt til førebuing, felt- og etterarbeid innanfor budsjettet og eventuell auke i satsar. Vi må også ta atterhald om ytterlegare undersøking og endring av budsjett viss planen blir endra undervegs eller ved uføresette hendingar. Tiltakshavar blir fakturert for nytta tid og kostnader.

Vi ber om at utfylt og signert akseptskjema blir returnert til post@vlfk.no / sakshandsamar: Sigrun Wølstad.

Frist 08.07.2021

Vestland fylkeskommune legg registreringa inn på arbeidsplanen når akseptskjemaet er motteke. Registreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og når dei klimatiske forholda elles gjer det mogleg. Feltsesongen vår er normalt frå april til november. De blir kontakta i forkant av registreringa.

Vi gjer merksam på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn til planen etter den varsla registreringa.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Kostnadsoverslag - planID 2021002 - Austrheim kommune
- 3 Prosjektplan - Områdeplan for bustadområde - B36 på Kaland og Fønnes - Ekornsåta - planID 2021002 - Austrheim kommune